

Innspel til:

**Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – *Aktiv kvar dag* –
2008-2012**



Oversyn over kven som har kome med innspel til høyringsutkastet.....- 3 -

Oppsummering av innspel til planen:- 4 -

Fylkesmannen i Hordaland – miljøvernavdelinga - 4 -

Fylkesmannen i Hordaland – studentar i praksis ved helseavdelinga - 6 -

Hordaland fylkeskommune – Kultur- og idrettsavdelinga (bibliotek)..... - 6 -

Hordaland fylkeskommune – Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 6 -

Hordaland fylkeskommune – Fylkeseldrerådet i Hordaland..... - 7 -

Hordaland fylkeskommune – opplæringsavdelinga - 8 -

Bergen kommune, byrådsinnstilling - 9 -

Askøy kommune - 12 -

Stord kommune - 13 -

Etne kommune..... - 15 -

Lindås kommune - 16 -

Austrheim kommune - 16 -

Fusa kommune - 17 -

Masfjorden kommune - 18 -

Tysnes kommune..... - 18 -

Voss kommune - 19 -

Friluftsrådet Vest..... - 19 -

4H – Hordaland - 21 -

Hordaland idrettskrets - 21 -

Hordaland gymnastikk og turnkrets - 23 -

Hordaland skøytekrets..... - 23 -

Idrettsrådet i Bergen - 25 -

Etne idrettsråd - 26 -

Askøy seilforening - 27 -

Fylkesutvalet - 28 -

Oversyn over kven som har kome med innspel til høyringsutkastet

Fylkesmannen i Hordaland	<ul style="list-style-type: none">• Miljøvernavingdelinga• Studentar i praksis ved helseavingdelinga
Hordaland fylkeskommune	<ul style="list-style-type: none">• Kultur- og idrettsavingdelinga; bibliotek• Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne• Fylkeseldrerådet• Opplæringsvingdelinga• vedtak i Fylkesutvalet
Kommunar	<ul style="list-style-type: none">• Bergen• Askøy• Stord• Etne• Lindås• Austrheim• Fusa• Masfjorden• Tysnes• Voss
Frivillige organisasjonar Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none">• Friluftsrådet Vest• 4H Hordaland
Frivillige organisasjonar Idrett	<ul style="list-style-type: none">• Hordaland idrettskrets• Hordaland gymnastikk og turnkrets• Hordaland skøytekrets
Idrettsråd	<ul style="list-style-type: none">• Etne idrettsråd• Idrettsrådet i Bergen
Idrettslag/-foreiningar	<ul style="list-style-type: none">• Askøy seilforening• Fana Idrettslag
Totalt tal innspel:	25

Oppsummering av innspel til planen:

Fylkesmannen i Hordaland – miljøvernavdelinga

(DL: 200603248-64)

Fylkesmannen meiner at det er eit ambisiøst mål å nå alle deler av befolkninga. Planutkastet sitt mål gjer det naudsynt å utvikle fleire og ulike sett med strategiar og verkemiddel.

Planprosessen

Fylkesmannen påpeikar at dei ikkje har fått informasjon eller blitt invitert med i planarbeidet. Arbeidsmøte med regionale organ som planforum konkluderte med er heller ikkje gjennomført.

Tilhøvet til nasjonal politikk

Vidare saknar Fylkesmannen eit oversyn over dei statlege føringane, som eit innleiande kapittel i planen. Aktuelle nasjonale mål innanfor folkehelse, friluftsliv, grøntstruktur, barn og unge burde vore skildra i innleiinga.

Om miljø:

Fylkesmannen meiner rikspolitiske retningslinjer (RPR) for areal- og transportplanlegging må liggje til grunn for lokalisering for å avgrense biltransport.

Om friluftsliv:

Også her meiner Fylkesmannen at planutkastet manglar ein ”refleksjon” over dei nasjonale måla på politikkområdet (skildra i St. meld. nr 39 (2000-2001) om ”Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet”. Fylkesmannen trekker særleg fram nasjonale resultatmål for friluftsliv, allemansretten og friluftsliv som miljøvenleg aktivitet knytt til ferdsle, opphald og hausting. I tillegg meiner Fylkesmannen at vilkår for å utvikle dugleik i friluftsliv og verdien av grøntområde og nærmiljø må vere sentralt i planutkastet.

Fylkesmannen meiner at måla i planutkastet, når det gjeld arealforvaltning, bør forplikte dei offentlege aktørane på ein meir tydeleg måte enn det det gjer i høyringsutkastet: ”Regionale planstyremakter må vere aktive pådrivarar for å sikre og vektleggje verdien av areal for friluftsliv”. Fylkesmannen understreker at måla i fylkesdelplanen må utformast slik at den gjev tydelege føringar inn i kommuneplanlegginga og reguleringsplanarbeidet.

Om barn og unge:

Fylkesmannen meiner at barn og unge bør vere ei spesielt utvald målgruppe for å sikre fysisk aktivitet, saman med utviklingshemma, personar innan psykisk helsevern og godt vaksne (jfr. nasjonale satsingar, skildra mellom anna i ”Barnas framtid, nasjonal strategi for barn og unges miljø og helse 2007 – 2016”). Tiltak om barnetrakk bør inn i planen for å synleggjere barns medverknad i arealplanlegging

Om partnerskap for folkehelse:

Koplinga mellom fylkesdelplanen og Handlingsprogram for folkehelse (2007-2008) er viktig. Fylkesmannen meiner det er viktig at fylkesdelplanen styrkjer og støtter opp under dei mest sentrale innsatsområda i handlingsprogrammet, spesielt med omsyn til tiltak som gjeld sikring av areal og tilrettelegging for fysisk aktivitet. Det regionale plannivået må ta medansvar for

tema som gjeld fastsetting av byfjellsgrense/markagrense og sikring av grønne korridorar i nærmiljøet.

Mange kommunar i Hordaland bruker barn – aktivt – som informantar om kva for område som er viktige til lek og opphald. Fylkesmannen meiner at fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv må ta inn tiltak om barnetråkk og kartlegging av uteområde for å synleggjere nasjonal og regional satsing på barns medverknad i arealplanlegginga. I tillegg vert det understreka at tilgong til grøntareal, landbruksareal og friluftsområde nær skule og barnehage er særskild viktig for at kommunane skal kunne følgje opp nasjonale mål innan utdanning (jfr. Rammeplan for barnehagar og Læreplan for Kunnskapsløftet).

Oppsummert

Fylkesmannen meiner at tilhøve til nasjonal politikk må gå klarare fram ev planframlegget. Planprosessen fram til no har ikkje inkludert fylkesmannen tilfredsstillande. Planframlegget bør i sterkare grad leggja vekt på barn og unge som målgruppe i høve til fysisk aktivitet og friluftsliv og vere meir konkret i høve til arealplanlegging.

Prosjektgruppa sin kommentar

Nasjonal politikk

Fylkeskommunen har som mål å lage ein kort og lett tilgjengeleg plan og har difor valt å leggje oversikt over nasjonal politikk (stortingsmeldingar med meir) som vedlegg og gjere dei tilgjengelege på Hordaland fylkeskommune si heimeside.

Deltaking i prosessen

Fylkesmannen har vore invitert til å sitja i arbeidsgruppa, men dei har av kapasitetsomsyn takka nei til å vere med i prosjektgruppa. For å sikre at statlege føringar vert teke med i planen, vert fylkesmannen invitert til "dialogmøte" 27. august 2008.

Barn og unge

Barn og unge er ei sentral og prioritert målgruppe i arbeidet med tilrettelegging for fysisk aktivitet.

Arealplanlegging

Lokalisering av aktivitetar som genererer mindre transport (2.3) og sikring av allmannretten og viktige friluftsområde ligg allereie inne i planen (3.3). I planen tar vi med at rikspolitiske retningslinene for areal og transport er førande og vert lagt til grunn for lokalisering for å avgrense biltransporten (under 2.3).

Om partnerskap for folkehelse

Det er ei tett kopling mellom fylkesdelplanen og handlingsplan for folkehelse. Tiltak som er skildra i handlingsplanen for folkehelse er teke med i framlegg til fylkesdelplan. Handlingsplan for folkehelse skal rullerast i 2008 og fylkesdelplanen, med handlingsplan, vil då bli eit viktig grunnlag.

Om miljø

Målsetjinga under miljø, utforming og lokalisering omfattar også prosjektering, planlegging og lokalisering. Målet vert endra til:

"Ved planlegging, prosjektering, bygging og rehabilitering" osv...

Fylkesmannen i Hordaland – studentar i praksis ved helseavdelinga

(DL: 200603248-69)

I følgje studentar frå Norges idrettshøgskole i praksis hos Fylkesmannen si helseavdeling, inneheld planutkastet dei viktigaste prinsippa innanfor tilrettelegging av fysisk aktivitet.

Om aktivitetsvanar:

Det bør kome fram i planen opplysning om kva som konkret må til for at folk skal oppnå helseeffekt. Eit oversyn over statlege anbefalingar finst på www.1-2-30.no

Om treningsstudio/-senter:

Av di mange bruker treningscenter for å oppretthalde fysisk form, bør det i planen gå fram kva for rolle slike sentre har. I tillegg bør det skildrast i planen kva for tilbod som treningscentera gjev til folk (barnetrening, eldretrening, trening for gravid med meir).

Prosjektgruppa sin kommentar

Link til Norsk Treningscenter Forbund vert lagt til i vedlegget til planen, i tillegg til at det vert skildra i planen kva for tilbod private treningscentera har.

Hordaland fylkeskommune – Kultur- og idrettsavdelinga (bibliotek)

(DL: 200603248-60)

Innspelet til høyringsutkastet går ut på å inkludere prosjektet "Idrett og lesing" i arbeidet med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland. "Idrett og lesing" er eit prosjekt som handlar om å få idrettsungdom (13-19 år) til å lese meir på fritida, gjennom å plassere bokbaggar i lokala til idrettslaga. Lokale bibliotek stiller med garderohebibliotekarar og det er samstundes mogleg å få vitjing av idrettsutøvarar og/eller kjende forfattarar.

Prosjektgruppa sin kommentar

Prosjektet "Idrett og lesing" bør vere med som tiltak i handlingsplan for bibliotek. Seksjon for idrett og friluftsliv tar dette opp med fylkesbiblioteket.

Hordaland fylkeskommune – Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

(DL: 200603248-80)

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vurderer planutkastet som eit utfordrande og forpliktande dokument og at planen er eit godt verkty i arbeidet for fysisk aktivitet på lågterskelnivå.

Om universell utforming:

Rådet understrekar at omgrepet universell utforming må vere med i all planlegging og utforming av det fysiske aktivitetstilbodet. Det er viktig at det ikkje vert gjeve dispensasjonar frå (det statlege) kravet om universell utforming og at vilkåra for tildeling av offentleg støtte

vert kvalitetssikra ved ferdigstilling og etterkontroll av anlegg og område for idrett og friluftsliv. På turstigar og turvegar må det vere fast vegdekke/overflatestruktur, akseptable stigningsforhold og skilting/merking/informasjon må vere tilrettelagt for alle. Rådet meiner at det bør utarbeidast eit "tilgjengelighetskart" over anlegg til idrett og friluftsliv i Hordaland som er tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne.

Om frivillige organisasjonar:

Ein viktig motivasjonskjelde for det frivillige arbeidet er stimuleringsmidlar..

Om miljø, utforming og lokalisering:

Rådet meiner det er viktig å etablere trafikksikre korridorar til innfallsportane til friluftslivsområde og at det må etablerast handikapparkeringsplassar i tilknytning til disse.

Om fysisk aktivitet – friluftsliv som del av partnerskapsarbeidet:

Brucarorganisasjonane, saman med friluftslivsorganisasjonane, må trekkjast aktivt inn som ein del av partnerskapsarbeidet for folkehelse.

Om fysisk aktivitet – friluftsliv i kommunale planar:

Planutkastet nemner at friluftslivsorganisasjonane sine lokale lag bør vere ein formell høyringspart. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at dette også bør gjelde for brukarorganisasjonane for funksjonshemma og kommunalt råd for funksjonshemma.

Prosjektgruppa sin kommentar

Universell utforming er eit overordna mål i planen og eit kriterium for tildeling av spelemidlar. Ved tildeling av spelemidlar er det regionale idretts- og friluftslivsorganisasjonar som er formell høyringspart. Lokalt er det viktig at råd og foreiningar vert involvert, jfr. plan- og bygningslova.

I utarbeidinga av den årlege kommunale prioriteringslista for spelemidlar ønskjer fylkeskommunen at lokale idretts- og friluftslivsorganisasjonar skal vere formell høyringspart. Andre interesseorganisasjonar må arbeide gjennom idretts- og friluftslivsorganisasjonane for å påverke denne prioriteringa.

Dei fleste av punkta som er kommentert av rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er ivarettatt i *Fylkesdelplan for Universell utforming 2006- 2009*.

Hordaland fylkeskommune – Fylkeseldrerådet i Hordaland

(DL: 200603248-81)

Fylkeseldrerådet i Hordaland vurderer planen som eit utfordrande og forpliktande dokument. Følgjande merknader er gjort til planarbeidet:

Om inaktive eldre:

Hordaland fylkeskommune bør leggje vekt på samarbeid med kommunane i fylket når det gjeld å få inaktive aktive. Omgrepet universell utforming må vere med i all planlegging og utforming av det fysiske aktivitetstilbodet.

Om idrettsanlegg:

”Like viktig som bygging av fleirbrukshallar, er bygging/rehabilitering og vedlikehald av eksisterande symjehallar. Fysisk aktivitet i vatn er viktig for alle brukargruppe. Når det i planen vert sagt at rehabilitering bør vurderast, så meiner rådet at dette må prioriterast”.

Elles har fylkeseldrerådet følgjande merknader:

- Viktig å prioritere bygging av gang- og sykkelstigar i folk sitt nærmiljø. Dette vil og gje ein sikrere skuleveg for barn og unge.
- Friareal bør leggjast slik til rette at dei motiverer både gamle og unge til fysisk aktivitet.
- Tilrettelegging for eit aktivt friluftsliv bør vere ein viktig del av folkehelsearbeidet i kommunane.
- Einslege eldre som bur i utkantstrok, manglar ofte tilbod om fysisk aktivitet. Kommunar og frivillige organisasjonar bør utforme aktivitetstilbod også til denne gruppa.
- Viktig å sikre regionale friluftsanslegg.
- Vern av allemannsretten, som sikrar mot bygging i strandsona, er viktig.

Prosjektgruppa sin kommentar

Innspelet til fylkesdelplanen er tatt til etterretning. Eldre er eit satsingsområde i planen, spesielt med omsyn til tilrettelegging av fysisk aktivitet. I tillegg er det eit krav om universell utforming ved bygging og rehabilitering av idretts- og friluftslivsanlegg.

Hordaland fylkeskommune – opplæringsavdelinga

(Olsvikåsen vidaregåande skule - DL: 200603248-75)

Rektor Åge R. Rosnes kommenterer kap. 3.2 der det står under tiltak at fylkeskommunalt eigde idrettsanlegg skal vere gratis å bruke for barn og unge. Rosnes meiner at intensjonen i tiltaket er godt, men er usikker på kor godt det er utreda med omsyn til drift og vedlikehald av skolen sine aktivitetsanlegg. Den årlege strømkostnaden for å leige ut idrettshallen ved Olsvikåsen vidaregåande skule er på kr 800 000,-. Denne kostnaden må, om tiltaket skal behaldast, belastast andre budsjettet enn den einskilde vidaregåande skule sitt. Om ikkje vil undervisningstilbodet til elevane lidande i åra framover.

Prosjektgruppa sin kommentar

Tiltaket, slik det står skildra, vert endra til at vi skal gjere ei kartlegging av kostnad for fylkeskommunen med å ha opne fylkeskommunale idrettsanlegg for barn og unge. Kartlegginga vert gjort av eigedomsavdelinga i fylkeskommunen.

Bergen kommune, byrådsinnstilling

(DL: 200603248-87)

Byrådet i Bergen kommune tilrår følgjande (generelt):

”Byrådet anbefaler at Bergen kommune gir sin tilslutning til planens visjon - Aktiv kvar dag og hovedsatsningsområdene, fysisk aktivitet - folkehelse og anlegg for idrett og friluftsliv. Det anbefales en sterkere fokus på hvordan frivilligheten og næringsperspektivet kan styrkes (min utheving).

I tillegg vil byrådet at Hordaland sin andel av tilskuddet fra statlige spillemidler skal økes, og at bergensregionens andel må stå i forhold til den aktivitet, befolkningsmengde og byggekostnader som regionen representerer (min utheving).

Byrådet ser det som viktig med "klyngedannelse" (min utheving) av flere idrettsanleggstyper, kultur- og friluftsanlegg i Bergen og bergensregionen. Det vil gi bruks- drifts- og vedlikeholdsgevinster (min utheving). Det bør også skilles mellom rene idrettsparker, idrettsanlegg og nærmiljøanlegg i tilknytning til skoler. Det er behov for begge deler i byområder.

Byrådet foreslår dessuten økt samarbeid mellom de ulike kommunene i fylket og etterlyser en bedre ressursbeskrivelse for hvordan planen kan gjennomføres” (min utheving).”

Saksutgreiinga som ligg til grunn for innstilling til vedtaket har ei rekke innspel til planen: Mange av innspela er forankra i Bergen kommune sitt arbeid med ny idrettsplan som har eit 10 års perspektiv frå 2009-2019

Nedanfor har ein summert opp dei viktigaste kommentarane til dei ulike kapitla.

Det frivillige arbeidet

Bortfall av ”automatinntekter” medfører at frivillige må bruka meir tid på å skaffa inntekter enn til å driva kjerneaktivitetane til idretten. Rekruttering blir vanskelegare. Planen bør sei noko meir om korleis ein kan styrka og sikra det frivillige arbeidet i framtida

Idrett og Næring

Bergen kommune ser positivt på at næringsperspektivet er tatt inn i fylkesdelplanen, men saknar konkrete mål, strategiar og forslag til tiltak for korleis dette skal implementerast på idrettsområdet i planperioden.

Tildeling av statlege spelemidler

Bergen kommune meiner det må vera eit klart definert mål å auka Hordaland sin del av tilskot frå dei statlege spelemidlane, og at tida mellom godkjenning og utbetaling må kortast ned. Ein ser positivt på forslaget om auka del av midlane til Bergen . Bergen sin del av spelemidlane bør gjenspegla folketalet (53,6 %)og aktivitetsnivået (54,4% av medlemsmassen. Anlegg i Bergen vil kunna nyttast av ein større del av regionen

Mål og tiltak

Bergen kommune saknar elles ei økonomisk og fagleg vurdering som seier noko om korleis mål og tiltak i planen skal kunna gjennomførast

Spesielle kommentarar til kapitla:

Kap. 2.2 – Næringsutvikling

Bergen kommune påpeikar den gjensidige effekten idrett og næringsutvikling kan ha. Ein bør få tydelegare fram kva utfordringar ei satsing må innebera for både idretten, næringslivet og offentlig sektor. En naturlig konsekvens vil mellom anna vera auka fokus på offentlig, privat samarbeid (OPS) både innan anleggs- og aktivitetsutvikling.

Kap. 2.3 – Miljø, utforming, lokalisering:

Bergen kommune saknar mål, strategiar og konkrete tiltak for korleis operatørar innan idrett og fysisk aktivitet kan bidra til ein grønar profil

Det bør vera eit mål å få ned bruken av privatbilar ved idrettstransportar og transport til utfartsområde for fysisk aktivitet. Bruk av kollektiv transport vil kunne gi en utstrakt miljøgevinst. Foreslår miljøbillett personar/ organisasjonar som nyttar kollektiv transport til idrett og fysisk aktivitet.

Kap. 3.1 – Fysisk aktivitet partnerskap for folkehelse

Det er viktig med tverrsektorielt arbeid og samarbeid med frivillige organisasjonar, Interessene i folkehelsearbeidet bør synleggjerast og kva ressursar som er avsett. Ein bør omtala utfordringane som ligg i det å leggja til rette for anlegg, areal og infrastruktur som gjer det mogeleg å få ein meir aktiv kvardag

Kap 3.2 – Fysisk aktivitet – idrett

Ein foreslår at idretten vert trekt aktivt med ved utvikling av , gi tilbud til personar med spesielle behov, Vidareutvikla Idrettens hus som kompetansesenter og at unge lovande idrettsutøvarar må få utvikla seg o lokalmiljøet/regionen. Det må utviklast eit konkurransedyktig kompetansemiljø for idretten i Bergen.

Kap. 3.3 – Friluftsliv

Talet på mål bør reduserast. Det er viktig med tverrsektorielt samarbeid i kommunane. Fleire av turlaget sine arrangement har stort potensiale i næringsperspektiv og bør inngå som utvida satsingsområde i utvikling av idretts/friluftsnæring i Hordaland.

Kap. 3.4 Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Anleggsmassen må avspegla den aktivitetsprofilen som er ynskjeleg i framtida. Det må framgå i planen kva anlegg som skal prioriterast for at regionen skal vera vertskap for store arrangement I dette må lokalisering og type idrettsarrangement/ anlegg også inngå. Bergen , bergensregionen og Voss peikar seg ut som naturlege lokalseringsval. Dette føreset offentlig privat samarbeid.

Det er viktig med ” klynger ” av fleire idrettstypar. Ein bør skilja mellom reine idrettsparkar, idrettsanlegg og nærmiljøanlegg knytt til skular. Det er behov for begge delar i byområde.

*Fleirbrukshallar, betre taldokumentasjon av behov etterlyse

*Hovudanlegg for symjing: Tilskotet bør aukast

*Ishall: Vidare utbygging i Bergen føreset medverknad frå andre kommunar , fylkeskommune og private.

*Kunstgrasbanar: Behov for fleire og vedlikehald av eksisterande

* Motorsportbanar. Anlegg på Eikås må vidareutviklast

* Skianlegg bør prioriterast på Voss

* Nærmiljøanlegg. Viktig med eit variert tilbud. Ballbingar bør vera eit underpunkt

* Samarbeid om drift og vedlikehald : Samarbeidsavtalar er viktig

Dessutan er det viktig å få fram forslag til samarbeidsavtalar der dei enkelte kommunane sine forpliktingar inngår.

Prosjektgruppa sin kommentar

Generelt etterlyser Bergen kommune meir fokus på tilgjengelege virkemiddel for gjennomføring av mål og tiltak i planen. I tillegg til handlingsplanen (som vert utarbeidd i løpet av hausten 2008), skal ei oversikt over tilgjengelege verkemiddel leggast med som vedlegg til planen.

Det frivillige arbeidet

Måla vil bli følgd opp med strategiar og tiltak. I tillegg vert det inkludert i handlingsplanen.

Idrett og næring

Måla vil bli følgd opp med strategiar og tiltak. I tillegg vert det inkludert i handlingsplanen. Som ei oppfølging av planen, vil årets fylkeskonferanse innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (nov. 2008) ha fysisk aktivitet og næring som hovudtema. Her vil næringsliv, det offentlege og frivillige organisasjonar bli invitert for å drøfte moglegheitene for offentleg og privat samarbeid, samt konkrete mål, strategiar og forslag til tiltak og gjennomføring m.o.t idrett/friluftsliv og næringsverksemd.

Tildeling av statlege spelemidlar

Det vert jobba mot sentrale myndigheiter m.o.t kriterier og reglar for tildeling av statlege spelemidlar til bygging av idretts- og friluftslivsanlegg. Planen, med mål, strategiar og tiltak vil vere del av innspel til sentrale myndigheiter. Fordelingsnøkkelen av midlar mellom Bergen og omeignskommunane vil vera eit politisk spørsmål der ein må ta stilling til rettferdig fordeling i høve til folketalsutvikling (inkl alderssamansetting), godkjend søknadssum og anleggsdekning.

Spesielle kommentarar til kapitla:

Kap. 2.2 - Næringsutvikling

Viser til kommentar ovanfor om idrett og næring

Kap. 2.3 - Miljø, utforming, lokalisering

Haldningsskaping i idrettslaga om bruk av kollektivtransport i staden for privatbilar (t.d innføring av miljøbillett på kollektivtransport) vert nærare omtala i planen og innarbeidd i handlingsplanen.

Kap 3.2 - Fysisk aktivitet - idrett

Det bør drøftast om og kva for rolle Hordaland fylkeskommune skal ha i høve til høgskule og universitet med tanke på å kombinere idrett og utdanning. Seksjon for idrett og friluftsliv følgjer dette opp med opplæringsavdelinga i fylkeskommunen om ansvar og rolle ift utdanning på høgskule og universitetsnivå.

Gjennom mål, strategiar og tiltak med budsjett vert det konkretisert korleis det skal arbeidast for å få store nasjonale og internasjonale meisterskap til Hordaland.

Kap. 3.3 - Friluftsliv

Måla vert kutta ned til tre i talet. Dette gjeld og for dei andre satsingsområda.

Kap. 3.4 Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Det vert tatt med i planen at ved bygging av anlegg er det viktig med " klynger " av fleire idrettstypar.

*Fleirbrukshaller, betre taldokumentasjon av behov etterlyses

*Det må skrivast noe i planen om interkommunalt samarbeid m.o.t bygging av (store) idrettsanlegg.

*Det bør skrivast noe generelt i planen om nærmiljøanlegg, der ballbingar blir eit (naturleg) underpunkt.

*Samarbeid om drift og vedlikehald: Samarbeidsavtalar er viktig og skal forsterkast i planen. Døme på samarbeidsavtalar skal leggjast ut på våre heimesider.

Askøy kommune

(DL: 200603248-67)

Prioriteringskomiteen i Askøy kommune (07.04.08) meiner at høyringsutkastet er eit godt planverktøy. Det er oversiktleg og tar vare på alle felt innanfor fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv på ein god måte. Dei er spesielt glad for at Askøy kommune er nemnd som ein av dei største vekstkommunane i Hordaland og at dei vil bli prioritert i høve til dette.

Følgjande er kommentert spesielt frå planutkastet:

Om fysisk aktivitet – partnerskap for folkehelse:

Askøy kommune meiner dette er eit viktig satsingsområde og legg til at det, som ein følgje av at Askøy kommune har inngått avtale om partnerskapsarbeid med Hordaland fylkeskommune, skal tilsetjast ein folkehelsekoordinator i kommunen.

Om anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – fylkeskommunalt investeringstilskot:

Askøy kommune er vertskap for Fylkesidrettsanlegg for seglsport (Askøy seilforening). Anlegget er framleis under utvikling/utbygging og ikkje ferdig, difor ser Askøy kommune det som viktig at den fylkeskommunale medverknaden må halde fram – spesielt med omsyn til det fylkeskommunale investeringstilskotet til fylkesidrettsanlegg. Askøy kommune meier at eit bortfall av ordninga vil vere negativt for seglsportsanlegget. Alternativet er at anlegget kjem inn under kategorien "store internasjonale og regionale idrettsanlegg".

I tillegg meiner kommunen at Ravnanger idrettspark (friidrett) og Askøy Forum (fleirbrukshall) bør kome inn under same kategori; "store internasjonale og regionale idrettsanlegg" med omsyn til eventuell utviding eller rehabilitering.

Prosjektgruppa sin kommentar

Innspelet til planen vert tatt til følgje. Det vert ikkje sagt noko særskild om seglsportsanlegg i planen, men dei som har fått fylkeskommunalt investeringstilskot er lista opp i vedlegg.

Stord kommune

(DL: 200603248-85)

Stord kommune meiner at planutkastet er informativt og godt. Visjonen er vid, samstundes som han er god. Om alle i Hordaland får høve til å vere aktiv kvar dag og får ein aktiv kvardag, viser forskning at dette har verknad på folkehelsa og (med det) sosialøkonomien til samfunnet på sikt.

Generelt har dei følgjande innspel til planutkastet:

Det bør jobbast mot departement og regjering/Storting for å få bort køane med omsyn til dei statlege spelemidlane, fordi lag og kommunar sit med for store rentekostnader medan dei venter på tilskot.

Stord kommune saknar i høyringsutkastet noko om utfordringane særforbunda stiller i høve til kvalitet på idrettsanlegg (spesielt handball og fotball). Slike krav vil vere dyrt, noe som kan hemme basisaktiviteten til idrettslaga: kommuneøkonomien er pressa og det vil vere urimeleg å prioritere midlar til utbetring av idrettsanlegg føre det å byggje nye.

Stord kommune er ein kommune i vekst og har press i høve til gjestearbeidarar og pendlarar. Dei har aldri hatt større søkjarmengde og etterslepp på spelemidlane enn det dei har i dag. Medan Hordaland fylkeskommune har hatt auke i tilskot til idretts- og friluftslivsanlegg dei siste åra, har Stord kommune opplevt ei utjamning/nedgang i tilskotet. Fordelinga av potten til utbygging av idretts- og friluftslivsanlegg i fylket må endrast, då Stord opplever ei ventetid på 9 år frå søknad til tilskot (5 år generelt i fylket - Stord kommune sin utrekning).

Planen har mange gode mål, strategiar og tiltak, men Stord kommune er uviss på om det følgjer (nok) økonomi med.

Følgjande spesielle merknader kjem fram i innspel til høyringsutkastet:

- Aktiv kvar dag-logoen må vere med på framsida
- Pkt 2.3 er med to gonger i innhaldslista

Om energiutfordringar (side 11):

Stord kommune stiller spørsmål om tryggleiken ved energifleksible og energieffektive løysningar i samband med bygging og drift av idretts- og friluftslivsanlegg.

Om Friluftslivets Hus (side 20):

Stord kommune saknar meir informasjon om Friluftslivets Hus i planutkastet

Om parkeringsplassar til ved innfallsportar til store friluftsområde (side 21):

Stord kommune lurar på om det vil bli stønadsordningar for slike tiltak.

Om fleirbrukshallar (side 23):

Stord kommune meiner at tilhøva med omsyn til fleirbrukshallar er like ”prekær” på Stord som i Bergen og har eit ”akutt” behov for minst ein ny fleirbrukshall.

Om Isbanar/-hallar (side 24):

Stord kommune utgreier ”i dag” kva for kostnad det er å få overbygg på isbane (Vikahaugane)

Om motorsportsanlegg (side 25):

Hustrudalen er eit motorsportsanlegg som søker spelemidlar til utbetring. Anlegget er med og prioritert i den regionale anleggsplan for Sunnhordland.

Om fylkeskommunalt investeringstilskot (side 26):

Stord kommune undrar seg på kva for summer det er snakk om.

Om regionale anleggsplanar (side 26):

Status for slike planar må styrkjast og alle regionar i Hordland må ha slike.

Om anleggsutvikling (side 27):

Stord kommune meiner det ville vore interessant å få oversyn over tildelte midlar i forhold til godkjende og/eller ferdige anlegg. I tillegg undrar kommunen på om fordelinga som skisserast i planutkastet er god, men er einig i at Bergen bør få tildelt mest.

Stord kommune meiner at Stord må vurderast særskilt – jfr. punkt f) side 27. Ut frå tidlegare vurdering om at det skal vere éin hall per 5000 innbyggjarar, skal Stord ha fire (i dag har dei ...).

Stord kommune meiner at punkt i – side 28 kan vere kontroversielt/betent. Dei anlegga som der det betalast for bruken, vert betre behandla enn anlegg som er gratis. I tillegg vil betaling gå inn som del av driftsutgifter for anlegget.

Stord kommune meiner at punkt j – side 28 ikkje vil føre til det dei meiner er det viktigaste, nemlig meir aktivitet.

Om 4.0 Langtidsprogram for idrettsanlegg 2008 – 2020:

Stord kommune meiner at det er meir riktig å kalle perioden 2008 – 2012 for handlingsprogram, medan perioden 2013 – 2020 bør kallast langtidsprogram.

Elles kom det innspel – under sakshandsaminga av planutkastet – at Stord kommune vil ha med sykkelparkering som eige tiltak i planen (det er ikkje nok å lage sykkelveg...).

Prosjektgruppa sin kommentar

Kommentarar som gjeld logo på framsida og innhaldslista vil bli retta opp.

Om energiutfordringar

Stord kommune stiller spørsmål om tryggleiken ved energifleksible og energieffektive løysningar i samband med bygging og drift av idretts- og friluftslivsanlegg. Forskriftene frå KKD regulerer dette.

Om Friluftslivets Hus

Foreslår at det vert lagt inn link til informasjon om Friluftslivets Hus på fylkeskommunen si internettsidet. HFK vil ta kontakt med Bergen Turlag om status på eiga nettside og lager link om mogeleg.

Spørsmålet om parkeringsplassar ved innfallsportar til store friluftsområde stønadsordningar vert tatt opp med Statens vegvesen, direktoratet for naturforvaltning og Fylkesmannen.

Om fleirbrukshallar

Prioritering av anlegg vil bli innarbeidd i langtidsprogrammet til planen.

Om Isbanar/-hallar

Foreslår at ein tar inn ei setning i planen om at Stord kommune utgreier tak over Vikahaugane.

Om motorsportsanlegg (side 25):

Foreslår at FDP tar med ei grunngjeving for at det ikkje vert bygd fleire motorcrossbanar i planperioden

Om fylkeskommunalt investeringstilskot (side 26):

Kor stort det fylkeskommunale investeringstilskotet er vil kome fram i handlingsplanen.

Om regionale anleggsplanar (side 26):

Det vert skriven i planen at det er ønskjeleg at det vert utarbeidd regionale anleggsplanar i heile Hordaland.

Om anleggsutvikling (side 27):

Foreslår at det vert laga eit oversyn over tildelte midlar i forhold til godkjende og/eller ferdige anlegg slik Stord foreslår.

Foreslår at ein held fast på at offentlege idretts og friluftslivsanlegg finansiert av statlege spelemidlar bør vera gratis for barn og ungdom. Dette bør også stå under "råd til kommunane".

Foreslår at ein tar med forslag om å ha med sykkelparkering som eige tiltak i planen.

Om 4.0 Langtidsprogram for idrettsanlegg 2008 - 2020:

Foreslår at Stord kommune sitt forslag om at perioden 2008 - 2012 vert kalla handlingsprogram, og at perioden 2013 - 2020 vert kalla langtidsprogram.

Etne kommune

(DL: 200603248-66)

Etne kommune understrekar i innleiinga at dei er ein viktig friluftslivs-, reiselivs-, og kulturkommune i Sunnhordland. Difor er det viktig for kommunen at "storsamfunnet" ser verdien av det arbeidet som vert gjort i Etne.

Kommunen støttar Etne idrettsråd sitt innspel datert 19.04.2008

Etne kommune vil likevel streke under at det er viktig å halde fram og helst auke satsinga på friluftsliv, både gjennom DNT-systemet, driftstilskot til friluftsråda og til fysisk tilrettelegging og info.tiltak gjennom spelemidlar og andre tilskotsordningar.

Lindås kommune

(DL: 200603248-59)

Kommunen skriver at det ser ut som om det er lagt ned et godt og grundig arbeid med planen. Den vedtekne fylkesdelplanen vil vere eit nyttig arbeidsverktøy for Lindås kommune ved rullering av eigen kommunedelplan.

Innspel (avskrift)

Vi syns ikkje at en bestemt prosentandel av spillemidlene skal øremerkes Bergen. Som det fremgår ellers i Fylkesdelplanen, bør pressområder prioriteres, uavhengig av om det er i Bergen kommune eller andre steder det er press. Erfaring tilsier at i områder med stor befolkningstilvekst er det svært viktig å tilrettelegge for gode fritidstilbud for å skape gode oppvekstmiljø. Derfor bør kommuner i stor vekst prioriteres. Bergen bør ikke være i noen særstilling men pressområder i Bergen bør på lik måte med andre pressområder prioriteres. Alternativt så burde det være øremerket en bestemt prosentandel til alle kommuner med stor vekst.

Prosjektgruppa sin kommentar

Innspelet vert tatt til etterretning.

Austrheim kommune

(DL: 200603248-58)

Kommunen er positiv til planen og er nøgd med at planen har fokus på å få alle i alle livsfasar med på aktivitet, ute og inne.

Innspel:

Austrheim kommune meiner det er viktig at søknadsprosedyrar til tilskotsordningar vert gjort enkle og "forutsigbare" (jfr. pkt 2.1 i planen). Gjennom lett tilgjengelege midlar, vil dei frivillige kunne jobbe meir effektivt for "Aktiv kvar dag" for alle.

Prosjektgruppa sin kommentar

Sakene som vert påpeika er omtala i planen og fylkeskommunen tar merknadane til etterretning

Fusa kommune

(DL: 200603248-55)

Kommunen meiner at planen inne held gode analysar, strategiar og tiltak på ein rekkje felt. Hovudutfordringa i følgje Fusa er klimautfordringane som dei tradisjonelle vinteridrettane står overfor:

- det må vere større fokus på å leggje til rette for anlegg som kan stimulere til vinteridrett og –aktivitet.
- ski- og skeisedagane i skuletida vert viktigare.

Fusa kommune meiner at det bør stå noe om skitunnel og satsing på rulleskibanar i Hordaland. Den første kjem på Holdhus i 2008, men det bør vere fleire i fylket.

Fusa kommune meier at planen bør fokusere meir på tilrettelegging av utfartsområde i fjella: *”Problema ein ser med trafikken til Kvamskogen på fine vinterdagar tilseier at Hordaland må satsa på å spreia denne aktiviteten på fleire anlegg og fleire område”.*

Bygdastølen ski- og tursenter (skiløype for langrenn og skiskyting, skileikområde + turløyper) er under utbygging i Fusa. Dette er eit stor økonomisk løft og bør kanskje støttast frå det fylkeskommunale investeringstilskotet.

Fusa kommune meiner at Bergen og Omland Friluftsråd (og andre) bør brukast meir i arbeidet med å sikre folk i Hordaland tilgang til vinter og snø (og ikkje bare sommar og sjø)!

Konkrete innspel til planen:

- ta inn eit punkt i planen om klimaendringar og vinteridrett (inn i kap. 2.3)
- ski- og skeisedagar bør tas med som et særskild behov i skulen (inn i kap 3.1)
- ta med behovet for betre tilrettelegging for friluftsliv og fysisk aktivitet på snø (inn i kap 3.3)
- ta med, under overskrifta Skianlegg, at klimaendringar gjev eit behov for rulleskibanar og bygging av idrettsanlegg i snøsikre område
- ta med i planen (i kap 3.4) litt om hestesportsanlegg. Dette er ein anleggstype som engasjerer mange jenter og det er behov for offentleg medverknad i bygging av slike anlegg – ikkje bare private aktørar.

Prosjektgruppa sin kommentar

Klimaendringane og konsekvensar for vinteridretten vert omtala spesielt i planen (m.a skitunnel og rulleskibane).

Behovet for fleire utfartsplassar vinterstid enn Kvamskogen bør omtalast i planen

Meir om hestesportsanlegg vert skildra i planen.

Masfjorden kommune

(DL: 200603248-71)

Kommunestyret tek i møte 22.04.2008 sak 027/08 høyringsutkastet til fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv til orientering og har ingen særskilte merknader. Frå saksutgreiinga i kommunen er følgjande "saksa":

- Masfjorden kommune meiner at det som er skrive i planutkastet om samanhengen mellom idrett og friluftsliv og nærings- og lokalsamfunnsutvikling er viktige signal for Masfjorden med omsyn til eigen satsing på lokalsamfunnsutvikling.
- Masfjorden kommune merker seg at planutkastet fokuserer på å bruke meir av fylkeskommunale midlar til gang- og sykkelveggar i folk sitt nærmiljø. I tillegg merker kommunen seg at det vert gitt råd om at elevane i grunnskulen bør ha minst ein time fysisk aktivitet kvar dag. Dette er følgt opp i Masfjorden kommune.
- Masfjorden kommune understrekar at planutkastet vektlegg at fylkeskommunen vil heve kompetansen innan idretten (idrettsråd, trenarar, leiarar og tillitsvalde).
- Masfjorden kommune merker seg at fylkeskommunen meiner at det er eit unytta potensiale i bruk av spelemidlar til anlegg for friluftsliv.
- Rådmannen sluttar seg til at fylkeskommunen vil auke kompetansen til kommunalt tilsette med omsyn til sakshandsaming av søknader om spelemidlar.

Prosjektgruppa sin kommentar

Kommentarane frå Masfjorden vert tatt til etterretning.

Tysnes kommune

(DL: 200603248-70)

Tysnes kommune ber om at følgjande anlegg, som er under planlegging, vert teken med i langtidsprogrammet:

Idrett:

- langrennsanlegg (kostnad kr 1 711 000)
- kunstgrasbane (kostnad kr 8 000 000)
- symjeanlegg
- ballbinge

Friluftslivsanlegg:

- turstiggar (merking/rydding)
- turløyper (merking/rydding)

Prosjektgruppa sin kommentar

Innpela vert vurdert ved utarbeiding av langtidsprogrammet

Voss kommune

(DL: 200603248-76)

Voss kommune meiner at målsettinga for arbeidet innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, skildra i høyringsdokumentet, er visjonært. Høyringsinnspølet frå Voss kommune inneheld ønskje om anleggsbehov i høve til vinterarrangement på Voss i framtida:

- VM-anlegg for freestyle i Bavallen og Myrkdalen (2013)
- Fylkesanlegg i Skutle-Herresåsen (ski og skikyting)
- Badeanlegg på Voss (uspesifisert)
- Fleirbruksområde for motor- og ekstremспорт

Prosjektgruppa sin kommentar

Innspelet vert tatt med i langtidsprogrammet.

Friluftsrådet Vest

(DL: 200603248-72)

I innleiinga understrekar Friluftsrådet Vest (FV) at plandokumentet synleggjer Hordaland fylkeskommune sine mål innan planområdet.

Om Vestkystparken:

Positivt at rammene for tilskot har auka.

Om sikring av friluftsområde:

Friluftsrådet understrekar at tilgang til attraktive friluftsområde/utmark/strand- og kystområde er grunnlaget for friluftsliv og aktivitet. Dei nemner at fylkeskommunen tidlegare har hatt midlar til kjøp og sikring. FV har sett i gang eit prosjekt som har som mål å sikre fleire friluftareal i Sunnhordland og Nord-Rogaland.

Om aktivitetsarbeid:

FV meiner at det finst god nok dokumentasjon på at friluftsliv og aktivitet i naturen er den aktiviteten dei fleste av oss driv med og at det er den aktiviteten som kostar minst. Dette må følgjast opp med handling, spesielt med omsyn til våre budsjetter. Hordaland fylkeskommune har lågare tilskotsbeløp til friluftslivstiltak samanlikna med Rogaland (for 2007: Hordaland = 2 260 000, Rogaland = 7 866 000 – gjennomsnitt for alle fylkeskommunar = 1 480 000 – min utrekning).

FV meiner vidare at:

”Hordaland har satsset på å kanalisere spelemidler til ulike idrettsprosjekt har andre fylker som Rogaland og Nordland satt av fleire millionar til friluftstiltak årlig. **Dette er viktig å få til en kursendring på**” (min utheving). Dei meiner at Hordaland fylkeskommune bør setje av midlar til tilrettelegging av friluftsområde som eigen post på vårt budsjett, i tillegg til å gjere det mogleg å søkje på friluftstiltak frå RUP'en.

Om universell utforming:

Planutkastet gjev eit grunnlag for dette arbeidet, meiner FV. Dei understrekar likevel at Hordaland fylkeskommune må følgje opp med støtteordningar (økonomisk tilskot) slik at alle som vil drive med friluftsliv får moglegheit til det.

Om Fysisk aktivitet – partnerskap (og kap. 3.3 – friluftsliv):

FV understrekar arbeidet som vert gjort i deira region, som dei meiner er på line med det Bergen Turlag gjer i sitt område. Aktivitetar som FV driv med er (mellom anna) utplassering av mobile friluftstutstyrspakkar (på skuler), kanoutleige, classesett med lavvuar med meir. I lys av dette vil FV inngå eit (konkret) samarbeid med Hordaland fylkeskommune om å lage ein ”verktøykasse” for å skape ein meir aktiv kvardag for barn og ungdom.

Om 3.3 Fysisk aktivitet – friluftsliv:

Friluftsråda sitt arbeid med forvaltning av friluftsområde, informasjonsarbeid og stimuleringsiltak i Hordaland, bør gå klarare fram i planen.

FV meiner vidare at Hordaland fylkeskommune bør arbeide meir/gje tilskot til arbeid med stimulering, motivering og skulering av barnehagepersonell – også gjennom konferansar som til dømes ”Barn og ungdoms plass i kommunalt utviklingsarbeid”. Framover må arbeidet med å få arealplanleggjarar til å forstå kor viktig det er å regulere uteområde/hundremeterskogar og liknande til barn og unge.

Om anlegg:

Hordaland fylkeskommune må sette av midlar til friluftstiltak. Spesielt må tilskot til prosjekt innan friluftslivsområde (lågterskelområde) få høgare status slik at dei ikkje blir nedprioritert i høve til store og kostnadskrevjande idrettsanlegg

Prosjektgruppa sin kommentar

Innspelet vert tatt til etterretning.

4H – Hordaland

(DL: 200603248-63)

4H Hordaland meiner at planforslaget er godt og at den vedtekne planen er grunnlaget for den verksemda 4H skal drive med: barne- og ungdomsorganisasjon som har som mål å utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarsfølelse og respekt for natur og menneske.

Om kapittel 2.1:

4H set pris på det fokus planutkastet har med omsyn til å sikre gode rammevilkår for frivillige organisasjonar.

Om kapittel 3.4:

4H set pris på målet om å styrkje anleggsutviklinga i Hordaland, med omsyn til rehabilitering og nybygg. Dei understrekar kor viktig det er med universell utforming.

Elles er 4H nøgd med å bli brukt som høyringsinstans. Dei er nøgd med at planen legg opp til å bruke verkemiddel på kartlegging av friluftsområde, auke ressursane på fleirbrukshallar og at barn, ungdom og personar med særlege behov skal få eit allsidig aktivitetstilbod i friluftslivsorganisasjonane i Hordaland.

Prosjektgruppa sin kommentar

Innspelet vert tatt til etterretning.

Hordaland idrettskrets

(DL: 200603248-62)

Hordaland idrettskrets (HIK) føler eit sterkt eigarskap til planen og har nytta den som grunnlag for sitt arbeid med handlingsplan for neste tingperiode (2008 – 2010).

Om kap 2.1 og kap 3.2 – Frivillig arbeid i idrettslaga:

HIK saknar at planutkastet ikkje følg opp forslag til konkrete tiltak frå St.meld. nr. 39 – *Frivillighet for alle* (2006-2007), spesielt med omsyn til korleis styrkje den grunnleggjande økonomien for dei frivillige organisasjonane. Idrettskretsen poengterer at faktorar som a) anlegg, b) økonomi og c) frivillige må vere på plass i den frivillige verksemda for å kunne skape eit godt grunnlag for aktivitetstilbod i idrettslaga (sjå eigen illustrasjon i høyringsinnspel frå HIK).

Om kap 3.1 – Partnerskap, folkehelse og aktiv skulekvardag

HIK er positiv til partnerskapsmodellen for folkehelse og meiner at ein times fysisk aktivitet i skulekvardagen er viktig, gjerne i samarbeid med idrettslaga i Hordaland. HIK ber Hordaland fylkeskommune om å oppfordre kommunane til å handle saman med idrettsråda i Hordaland for å skape ein meir aktiv kvardag for elevar i skulen.

Med omsyn til det vidare arbeidet med partnerskapsarbeidet for folkehelse i Hordaland, ber HIK om å få vere med i ei arbeidsgruppe.

Om kap 3.2 Fysisk aktivitet – idrett

Kapittelet fangar opp mangfaldet i HIK sin basisverksemd.

Om kap 3.4 Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Store tunge idrettsanlegg må i større grad finansierast over statsbudsjettet, noe som kan vere med på å gje ein større regional spreing av anlegg enn kva tilfelle er i dag.

Hordaland ligg under landsgjennomsnittet med omsyn til uttelling på søknader om spelemidlar til ordinære idrettsanlegg. HIK meiner at Hordaland fylkeskommune må arbeide aktivt for å kome opp på landsgjennomsnittet.

HIK meiner Hordaland fylkeskommune må stimulerer til bygging av idrettsanlegg som kan romme store nasjonale og internasjonale idrettsarrangement – spesielt i Bergen og Voss. Dette kan gjerast gjennom å ha visjonar om kva for type anlegg som bør byggjast i Hordaland, med konsekvensar for arealplanlegging og spelemidlar. For å kunne ta i mot store idrettsarrangement, er det naturleg at det byggjast ein framtidig ”Byarena” i Bergen der fleire idrettar kan avvikle idrettsarrangement.

Andre anlegg som bør tas med i vurderinga er overbygd 400 m skeisebane i Bergen

Anleggsutviklinga må sjåast i samanheng med det som går føre seg på dei to toppidrettsgymnasa i Hordaland, bachelorutdanninga på Høgskolen i Bergen og Olympiatoppen Vest si verksemd. I samband med kompetanse, er det og naturleg å satse mot eit fullt master-studium i idrett.

Generelt om anlegg i planutkastet:

HIK er einig i at fleirbrukshallar bør prioriterast til Bergen, til presskommunar og til kommunar som ikkje har fleirbrukshall i dag.

HIK er og einig i at rehabilitering av eldre symjehallar bør prioriterast i planperioden. Dette må gjerast i tett samarbeid med skule/kommune.

HIK er einig i at det er nok 18-hols golfbanar i Hordaland, men at det bør opnast for å gje spelemidlar til treningsanlegg og mindre anlegg i nærmiljøet.

Når det gjeld friidrettsanlegg med fast dekke, er HIK av den oppfatning at støtte til disse frå spelemidlane må vurderast særskild.

Prosjektgruppa sin kommentar

Om kap 2.1 og kap 3.2 - Frivillig arbeid i idrettslaga:

Rammevilkår for frivillig arbeid i dei frivillige organisasjonane vert gjort tydelegare i plandokumentet gjennom strategiar og tiltak (kap. 2.0).

Om kap 3.4 Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

HIK foreslår at planen har eit eige punkt med innspel til sentrale myndigheiter der ynskje om statleg finansiering av store tunge idrettsanlegg for å sikra betre regional spreing. I løpet av 2009 skal spelemiddelordninga ha ein politisk gjennomgang sentralt og Hordaland fylkeskommune vil bidra i denne prosessen.

Behov for større regionale anlegg, vil gå fram av langtidsprogrammet for idrettsanlegg (2008-2020) i fylkesdelplanen. I denne oversikten er "Byarena" i Bergen og overbygd 400 m skeisebane i Bergen teke med.

Hordaland gymnastikk og turnkrets

(DL: 200603248-68)

Hordaland gymnastikk og turnkrets (HGT) støtter Hordland idrettskrets sin uttale. Dei vil i tillegg kome med følgjande innspel:

HGT har ønskje om ein spesialhall for troppsgymnastikk då denne form for aktivitet er i ei formidabel utvikling. Denne type anlegg vil kunne brukast som basistreningshall for andre idrettar. Ein spesialhall for troppsgymnastikk vil lette utfordringa denne idretten har for å flytte naudsynt utstyr frå hall til hall – slik det vert gjort i dag.

Prosjektgruppa sin kommentar

Innspelet vert tatt til etterretning. Om Hordaland gymnastikk- og turnkrets har trong for spesialhall, er det naudsynt at dei jobbar med Hordaland idrettskrets og bergen kommune for å få dette stadfesta administrativt og politisk.

Hordaland skøytekrets

(DL: 200603248-82)

Hordaland skøytekrets sitt innspel til høyringsutkastet er ein plan for kunstisanlegg i Hordaland, kalla "Tid for is". I det vidare vil det viktigast tas med som innspel til høyringsutkastet.

Å gå på skeiser er ein folkeidrett, noe som er med på å skape glede, trivnad og god helse mellom folk.

Om skeisebanar som energiresurs:

Varmepumpeteknologi er avgjerande ved bygging av moderne skeisebanar. Om ein skeisebane vert plassert ved ein idrettshall, symjebasseng, skule eller sjukeheim, vil det vere mogleg å redusere energikostnaden til alle einingane. I tillegg vil eit moderne isanlegg kunne gje spillvarme til å sikre snø- og isfrie kunstgrasbanar gjennom heile vinteren.

Om bruk av kunstisanlegg:

Overordna målsetting:

- idrett for alle/folkehelse
- aktivitet som gjev oppleving av glede og meistring
- deltaking i eit sosialt fellesskap
- positiv effekt som førebyggjande helsearbeid
- etablering av nettverk og organisasjonar
- treningsarena for aktiv idrett
- konkurransearena

Om lokalisering:

Hordaland skøytekrets meiner følgjande må tas omsyn til ved lokalisering av nye kunstisbanar:

- befolkningsgrunnlag
- regional dekning i fylket
- eksisterande kunstisbanar
- kommunikasjon/infrastruktur
- idrettsfagleg miljø

Med bakgrunn i dette, meiner skøytekretsen at Bergen og Stord kjem høgast på lista over der det bør byggjast kunstisanlegg i Hordaland. Lista over kor det bør prioriterast å byggje kunstisanlegg i Hordaland er:

1. Bergen issenter, Slåtthaug (Bergen)
2. Vikahaugane kunstisbane (Stord)
3. Knarvik (Lindås)
4. Voss (Voss)
5. Storebø (Austevoll)
6. Norheimsund (Kvam)
7. Kleppestø (Askøy)
8. Bydelsanlegg i Bergen (Bergen)
9. Øygarden og Sotraområdet (Fjell)

Prosjektgruppa sin kommentar

Foreslår at ein tek innspela med mål og lokaliseringskriterier for skeisebanar til etterretning og tar med ein omtale av mogelegheitene som ligg i varmepumpeteknologien for å utnytta energiressursane

Forslag til nye anlegg vil bli vurdert i samband med utarbeiding av langtidsprogram.

Planen bør understreke anleggsutviklinga (is) på Stord (Vikahaugane) og i Bergen (Slåtthaug).

Idrettsrådet i Bergen

(DL: 200603248-56)

Bergen har stor underdekning på idrettsanlegg, så idrettsrådet i Bergen meiner det er naturleg at Bergen kommune vert prioritert med omsyn til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg i planperioden.

Om kajakkanlegg på Langvatn i Åsane:

Anlegget står øvst på Bergen kommune si liste over nye idrettsanlegg. Idrettsrådet i Bergen er av den oppfatning at dette anlegget bør støttast med investeringstilskot frå Hordaland fylkeskommune slik at dette anlegget kan realiserast i løpet av 2009.

Om Bergen kommune sin idrettsplan og fylkesdelplan for fysisk aktivitet:

Idrettsrådet i Bergen antar at det er eit godt og nært samarbeid mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune når det gjeld viktige idrettsspørsmål, spesielt med tanke på at det vert laga to planar som vil ha gjensidig påverknad på kvarandre.

Om rehabilitering av anlegg i Bergen:

Idrettsrådet i Bergen ventar at Hordaland fylkeskommune vil vere med å støtte rehabilitering av store (regionale)anlegg i Bergen, då mange av dei har stor lokal og regional betydning. Døme på slike anlegg er: Slåtthaug, Haukelandshallen, Fana stadion, Bergenshallen med fleire. Ikkje alle anlegga har behov for rehabilitering med det fyrste.

Om samarbeid på tvers av kommunegrensar:

Spesielt med omsyn til langrenn, er det naturleg at Hordaland fylkeskommune koordinerer og initierer utvikling av gode anlegg – for folk i Bergen og folk i andre kommunar (Kvamskogen er eit døme).

Om fylkeskommunalt eigde idrettsanlegg:

Idrettsrådet i Bergen gjev framlegg om at idrettsråda i Hordaland får mynde til å fordele treningstider på fylkeskommunale idrettsanlegg utanom skuletid. Dette vil:

- styrkje idrettsråda i kommunane og gje dei konkrete arbeidsoppgåver
- styrkje lokalidrettens rammer i form av auka treningsmoglegheiter, noe det er mangel på i fleire kommunar i dag.

Idrettsrådet i Bergen støtter forslaget om at det skal vere gratis å bruke idrettsanlegg, men då bør det ikkje vere aldersgrense for kven som kan gjere nytte av anlegget – det må gjelde for alle.

Om Hordaland som vertsfylke og Bergen som vertsby – Byarena:

Bergen har stort potensiale til å bli ein god vertsby for store nasjonale og internasjonale idrettsarrangement. Men det finst per i dag ingen arena som gjer det mogleg for Bergen som noregs nest største by, å konkurrere om dei største idrettsarrangementa: "For å tilrettelegge for større nasjonale og internasjonale idrettsarrangementer så mener Idrettsrådet i Bergen at en by som Bergen og Hordaland Fylkeskommune må sette høyt på sin dagsorden utviklinga av fremtidig "Byarena i Bergen" og at dette skjer i nært samarbeid med idrettens organisasjonsledd".

Prosjektgruppa sin kommentar

Kajakkanlegg på Langavatn i Åsane står ikkje på plan for investeringstilskot. Anlegget vert tatt med på ei ny og revidert liste over regionale anlegg i Hordaland (2008-2020).

Om Hordaland som vertsfylke og Bergen som vertsby - Byarena: Den framtidige byarenaen i Bergen vert tatt med i oversikten over regionale anlegg fram mot 2020.

Etne idrettsråd

(DL: 200603248-86)

Etne idrettsråd meiner vidare at planutkastet dannar eit godt grunnlag for idrettsleg og helsefremjande arbeid i Hordaland i åra framover. Dei støtter dei to satsingsområda (fysisk aktivitet og anleggsutvikling) og meiner at det er viktig at det vert jobba meir for å få større del av overskotet frå Norsk Tipping til Hordaland.

Idrettsrådet understrekar at det er viktig med gode idretts- og kulturanlegg i Etne kommune, spesielt for å halde på og auke busetnad og næringsliv.

I det vidare vert det skildra kva for anlegg som er prosjektert og skal byggjast i kommunen:

Om fleirbrukshall (side 23):

Legg til at der er planlagt å byggje ein fleirbrukshall i Etne. Anlegget er knytt til Etne kulturhus/vidaregåande skule/bibliotek/kulturskule med meir (som er skildra og prioritert i den regionale planen for Sunnhordland). Kommunen vil søkje om fylkeskommunalt investeringstilskot til bygging av dette.

Om kunstgrasbane:

Det er planlagt å byggje ein ny. Arealet til den gamle vert nytta til den nye fleirbrukshallen.

Om skianlegg:

Etne kommune vil byggje lysløype ved Hjørnås. Anlegget skal utvidast med skileikanlegg.

Om ballbingar:

Det er tre ballbingar i kommunen og det er behov for fleire.

Om skyttaranlegg:

Skyttaranlegga i Fikse er under oppgradering, og etter ”siste etappe” (med innandørs miniatyrskytebane) vil det vere mellom dei mest komplette anlegga i regionen.

Om rehabilitering:

Sentralidrettsanlegga i Etne og Skånevik må rehabiliterast. Ved Skånevik kultur- og idrettshall skal det byggjast lager/garasje. Symjeanlegget ved Enge skule har behov for oppgradering.

Om hesteanlegg i Etne:

Kommunen vil byggje eit regionalt anlegg på Enge, men vil endre på plasseringa.

Prosjektgruppa sin kommentar

Kommunen sine kommentarar og Etne idrettsråd sin informasjon om planlagde anlegg vert tatt til etterretning og vil bli vurdert ved utarbeiding av handlingsplanen og langtidsprogrammet.

Askøy seilforening

(DL: 200603248-83)

Om 3.4 Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – fylkeskommunalt investeringstilskot: Askøy seilforening byggjer og driv fylkesidrettsanlegg for seglsport i Hordaland. Anlegget er ikkje ferdig og seglforeininga ventar at Hordaland fylkeskommune skal støtte anleggsutviklinga vidare. Dei ventar at fylkeskommunen skal medverke med inntil 50 % av samla tilskot til dei einskilde delanlegga.

DIFOR – ber Askøy seilforening at ordninga med fylkeskommunalt investeringstilskot vert vidareført i planperioden. Eventuelt vil seglforeininga at seglsportsanlegget kjem inn under kategorien ”store interkommunale og regionale idrettsanlegg”.

Prosjektgruppa sin kommentar

Sjå kommentar under Askøy kommune.

Fana idrettslag

(DL: 200603248-84)

Fana bydel veks og med det er det behov for fleire anlegg! Fana IL er eit av dei største idrettslaga i Hordaland og er oppteke av å utvikle arenaer der rørsle og idrettsglede for fleire generasjonar er i høgsete.

Fana IL støtter den som står i planutkastet om varierte, lågterskel- og aktivitetsskapande tilbod.

Fana IL meiner at det er viktig å sikre areal til friluftsområde og samanhengande gang- og sykkelnett. Dette bør prioriterast mot skuler og idrettsanlegg.

På grunn av manglande treningsanlegg, har Fana IL måtte avvise barn og ungdom som vil drive med organisert fysisk aktivitet. Difor meiner dei at det bør byggjast ein fleirbrukshall i området snarast.

For å ta vare på ungdom innan den organiserte idretten, bør nye anlegg utformast slik at dei vert attraktive ”leirplassar” som stimulerer denne målgruppa. Ungdom er framtidens frivillige, så dei er viktig å ta vare på.

Toppidretten er avhengig av god ungdomsidrett. Og ikkje all ungdom vil drive sin aktivitet helt opp mot toppidretten, men det er naudsynt at dei som vil det har eit miljø å vere i. Dette

miljøet kan bestå av både toppidrettsutøvarar og ungdom som vil drive idrett ”på hobbybasis” – på ein felles ”leirplass”

Frå Fana IL sin side står Bergen issenter øvst på prioriteringslista over naudsynte anlegg.

Prosjektgruppa sin kommentar

Fana IL sine ynskje om is-senter og fleirbrukshall kjem inn i oversikten over regionale anlegg fram mot 2020.

Fylkesutvalet

Kjersti Toppe sette fram slik forslag:

”Side 24, Symjehallar

Tillegg:

Behov for symjeanlegg må spesielt vurderast ut frå kravet om å gje alle elevar i grunnskulen elementær livredningskunnskap/symjeopplæring.

Side 28, Råd til kommunane

Nytt punkt:

Utarbeiding av kommunale vedlikehaldsmeldingar for idrettsanlegg for å sikre kunnskap om årleg vedlikehaldsbehov og eventuelt vedlikehaldsetterslep.”

Røysting

Det var 14 medlemer til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Toppe sitt forslag følgjer saka vidare.

VEDTAK

Fylkesutvalet godkjenner at forslaget til Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012 blir sendt ut på høyring med sikte på slutthandsaming i fylkestinget juni 2008.